

Mobil tenestetelefon – reglement

Desse retningslinjene gjeld mobile tenestetelefonar med kommunale abonnement som blir nytta i tenestesamanheng, enten som tenestetelefon med fleire brukarar eller som tenestetelefon med ein brukar.

1. Bruksnivå

- Funksjonstelefonar
- Personleg arbeidstelefon
- Tenestetelefon med avtale om privat bruk

1.1 Funksjonstelefon

- Knytt til ein tenestestad/eining og har fleire brukarar og skal vere tilgjengeleg på arbeidsplassen
- Leiar på eininga er administrator av telefonen
- Administrator har ansvar for at det blir oppretta tryggleikskode på telefonen og legge inn påloggingsinformasjon for tilgang til nedlasting av app`ar .
- Det skal kun leggst inn app`ar som har relevans for tenestebruk av telefonen
- Det er ikkje høve til å foreta tenestekjøp, kjøp av innhaldstenester, delta i avstemmingar eller donere til veldedige organisasjonar frå funksjonstelefonen
- Alle funksjonstelefonar har installert app`en Telenor Mobilt Bedriftsnett. Denne gir tilgang til bedriftskatalogen og gratis søk i 1881. Den er også inngangsporten for å kunne besvare gruppeanrop og sette over anrop.

1.2 Personleg arbeidstelefon

- Er knytt til ein tilsett og skal leggst att på arbeidsplassen. Kan takast med på jobbreise
- Brukar er administrator av telefonen
- Brukar har ansvar for at det blir oppretta tryggleiksskode og på telefonen og legge inn påloggingsinformasjon for tilgang til nedlasting av app`ar
- Det skal kun leggst inn app`ar som har relevans for tenestebruk av telefonen
- Det er ikkje høve til å foreta tenestekjøp, kjøp av innhaldstenester, delta i avstemmingar eller donere til veldedige organisasjonar frå funksjonstelefonen
- Alle personlege arbeidstelefonar har installert app`en Telenor Mobilt Bedriftsnett. Denne gjev tilgang til bedriftskatalogen og gratis søk i 1881. Den er også inngangsporten for å kunne svare på gruppeanrop og sette over anrop.

1.3 Tenestetelefon med avtale om privat bruk

- Er knytt til ein tilsett som har bruk for og fått avtale om same abonnement på arbeid og fritid
- Brukar er administrator av telefonen
- Tildeling/inndraging av tenestetelefon blir gitt av kommunalsjef eller administrasjonssjef.

- Brukar av tenestetelefonen må akseptere villkår for bruk av telefon finansiert av arbeidsgjevar, Det blir gjort lønstrekk for kostnader som blir sett på som private:
 - Mobile innhaldstenester og betaling via mobilen for varer/tenester
 - Abonnement på private tenester
 - Betaling av tenester
 - Auka datakvote, kjøp av tilleggspakke for data eller overforbruk av data
 - Bruk i utland utanfor EU/EØS
 - Opplysningstenester (1880,1888) MobiltBedriftsnett app har 1881 opplysningsteneste, denne skal nyttast
 - Teletorg-nummer som startar på 820, 829
 - Samtalar til og frå utland
- Abonnementet har «roam like home» i EU/EØS-området. Dette inneber at ein brukar telefonen som heime i Norge utan det dette fører til auka kostnader. Brukar har sjølv ansvar får å sjekke at ein ikkje blir påført ekstrakostnader.
- Alle brukarar med avtale får funksjonen Fakturakontroll Large frå Telenor. Ein får e-post kvar månad med oversikt over privat bruk som gir grunnlag for lønstrekk. Trekk i løn skjer kvar månad.
- Brukarar med denne avtalen blir sjablongbeskatta i tråd med Skattedirektoratet sitt regelverk.
- Brukar er ansvarleg for å opprette tastelås og legge inn påloggingsinformasjon for tilgang til nedlasting av app`ar.
- Alle tenestetelefonar har installert app`en Telenor Mobilt Bedriftsnett. Denne gjev tilgang til bedriftskatalogen og gratis søk i 1881. Den er også inngangsporten for å kunne svare på gruppeanrop og sette over anrop.

2. Abonnement

Brukargruppe	Type abonnement	Tale/SMS	Inkl. datamengde
Funksjonstelefonar	Telenor Bedrift Total	Fri bruk	5 Gb
Personleg arbeidstelefon	Telenor Bedrift Total	Fri bruk	5 Gb
Tenestetelefon med avtale om privat bruk	Telenor Bedrift Total	Fri bruk	10 Gb

3. Kva dekker kommunen

- Telefonen er kommunen sin eigedom. Kommunen dekker kjøp av telefon med inntil kr 6.250 kvart tredje år.
- Tilsette må sjølv dekke kostnader ut over dette beløpet, restbeløpet blir trekt av løn.
- Alle telefonar skal ha deksel og «PanzerGlass» som er definert av arbeidsgjevar. Dette blir betalt av arbeidsgjevar. Fribeløpet blir ikkje berørt av dette. Tilsette som ikkje tek desse førehandsreglane må sjølv dekkje eventuelle reparasjonskostnader.
- Om arbeidsgjevar skal erstatte tapt telefon med ny skal vurderast i kvart enkelt tilfelle.
- I tilfelle der mobiltelefon har vore utsett for heilt spesiell slitasje som følge av utarbeid/ anleggsarbeid, kan leiar vurdere å erstatte ny mobiltelefon tidlegare enn kvart tredje år.

4. Bestilling av telefon

- Administrasjonssjef/Kommunalsjef fyller ut vedlagte skjema, signerer dette og leverer til skanning i Servicetorget. Skjemaet blir lagt i personalmappa, med kopi til IT
- IT fører på beløpa på skjemaet, og returnerer dette til skanning. Lønsavdelinga får kopi.

- Utvalte standardtelefoner innanfor beløpsgrense kan bestillast og hentast på IT. IT gir også rettleiing i kva telefoner som er godkjent/kompatible med kommunen sitt øvrige IT-system.
- Ønsker den tilsette en dyrare telefon, blir beløpet splitta, og restbeløpet blir trekt frå løn.

5. Unntak

Unntak frå retningslinjer må godkjennast av kommunalsjef/administrasjonssjef.

6. Permisjonar og avslutting av arbeidsforhold

Telefonen kan som hovudregel nyttast under løna permisjonar om ikkje anna er avtalt mellom leiar og tilsett. Ved uttak av heil pensjon eller oppseiing gjeld ikkje lenger ordninga med fri telefon frå Fjord kommune.

7. Avslutting av tilsettingstilhøve

Når ein arbeidstakar har mobiltelefon med privat bruk skal slutte, men samstundes ynskjer å behalde mobiltelefonen, gjeld følgjande:

- Utstyr som er mindre enn 1 år gammalt: 80 % av innkjøpspris maks kr 6250 inkl. mva.
- Utstyr som er mindre enn 2 år gammalt: 50 % av innkjøpspris maks kr 6250 inkl. mva..
- Utstyr som er mindre enn 3 år: 25% av innkjøpspris maks kr 6250 inkl. mva.
- Utstyr som eldre enn 3 år gammalt kan overtakast vederlagsfritt

Ved pensjon eller oppseiing dekker Fjord kommune brotavgift på abonnementet. Når ein sluttar kan ein behalde mobilnummeret sitt om det ikkje er tilkopla ei spesiell teneste.

Beløp for utkjøp blir trekt frå lønn.

8. Trådløst nett i kommunale bygg

Alle brukarar skal kople seg til kommunen sitt trådløse nett. Dette er tilgjengeleg på de fleste kommunale bygg og vil spare mobildatakvoten til bruk utanfor de trådløse sonene. Brukarnamn og passord er det same som brukast for Windows-pålogging.

9. Mobil tryggleik

- Det er ikkje tillate å fjerne SIM PIN-kode
- Aktiver "skall beskyttelse" / mobillås. Dette for å unngå tilgang til telefonen når den er slått på. Dette er obligatorisk for brukarar som synkroniserer Fjord kommune sin e-post med sine mobiltelefonar
- IT-reglementet gjeld også for mobiltelefonar.

10. Viss mobiltelefonen blir mista eller stolen

- SIM-kort må sperrast snarast råd. Ring Telenor kundeservice på 09000 (+47 915 09 000 frå utlandet) og rapporter SIM/ mobil mista /stolen.
- Er mobilen stolen skal tjuveriet rapporterast til politiet og eventuelt til forsikringsselskapet <https://www.politi.no/anmeldelse/tyveri-av-mobiltelefon>
- Arbeidstakar må dokumentere at punkta ovanfor er gjennomført.